



Dønhaug gardsbarnehage reisar seg no der våningshuset på garden stod. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**- Vi er godt i gang med etableringa av ny barnehage i Uskedalen, og håpar på oppstart i løpet av oktober 2007. Det skriv Helene Huse Bjørnebøle i ei orientering om den private Dønhaug gardsbarnehage som no er under byggjing.**

Det heiter i orienteringa hennar at barnehagen ligg på eit gardstun, sentralt i bygda, med eit flott og variert uteområde som byr på mange opplevingar og utfordringar.

- Vi har tilgang på skog, elv og strand/sjø, sleg ho fast.

Då dette er ein gardsbarnehage vil dei ha fokus på gards- og friluftsliv. Borna vil få vera mykje ute i naturen og ta del i stell av dyra som dei skal ha på garden.

Leiinga for den nye barnehagen vil at borna, gjennom gode opplevingar og trygge rammer, skal få tileigna seg kunnskap om kva som skjer på ein gard året rundt..

Rammeplan for barnehagen og barnehageloven ligg i botn for arbeidet. Barnehagen er medlem av PBL – private barnehagers landsforbund..

Den vil ha plass til 16-18 born i alderen 0-6 år. Det vert fire vaksne på avdelinga kvar dag og opningstida vert 06.45-17.00.

Den nye barnehagen har i veka som gjekk annonsert etter to assistentar.

Helene Helene Huse Bjørnebøle, som er utdanna førskulelærar, skal vera styrar og ha med seg ein pedagog.

Barnehagen ligg no inne på barnehageportalen til Kvinnherad kommune ([kvinnherad.kommune.no](http://kvinnherad.kommune.no)) og dei som vil søkje om plass kan gjera det der.

Dei som allereie er søkjarar, kan gå inn og endre søknaden sin om dei vil stå på venteliste til gardsbarnehagen.

Den nye barnehagen kjem til å ha eit samordna opptak med kommunen og følgje dei same betalingsattsar og opptakskriterier som den, opplyser Helene Huse Bjørnebøle.

Den kommunale barnehagen og den som ho skal driva vil saman truleg dekkja behovet i bygda.

Av Ola Matti Mathisen



Helene Huse Bjørneboe håpar at den nye Dønhaug gardsbarnehage kan starta i løpet av oktober. (Foto: Ola Matti Mathisen)